

skyss 



Konkurransesgrunnlag

**Drift av ferjesamband i Sogn og Fjordane og
Osterøy**

SKYSS/24/23

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Om oppdragsgjevar.....	4
1.2	Føremål og omfang av anskaffinga	4
1.2.1	Anskaffinga sitt føremål, innhald og omfang	4
1.2.2	Kontrakttype	5
1.2.3	Bruk av klimakrav framfor tildelingskriterium.....	5
2	Administrative føresegner	6
2.1	Anskaffingsprosedyre.....	6
2.2	Oppbygging av konkurransegrunnlaget.....	6
2.3	Kontakt.....	8
2.4	Språk	8
2.5	Framdriftsplan	8
2.6	Tilbodskonferanse.....	9
2.7	Retting, supplering og / eller endring av konkurransegrunnlaget	9
2.8	Spørsmål til konkurransegrunnlaget	9
2.9	Operatørens deltakingskostnader.....	9
3	Særskilte vilkår	9
3.1	Opsjon, endringsrettar og eigedomsoverdraging	9
3.2	Klimakrav og klimagebyr	10
3.3	Energiinfrastruktur.....	10
3.4	Løns- og arbeidsvilkår / etiske krav	10
3.5	Tilsette sine rettar - verksemdoverdraging.....	10
3.6	Oppfylting av yrkestransportforskriftas vilkår	10
3.7	Godkjenning av fartøy	11
3.8	Covid-19 og Nye pandemiar.....	11
3.9	Garantidokument.....	11
4	Konfidensialitet og offentlegheit	11
4.1	Teieplikt.....	11
4.2	Offentlegheit.....	11
5	Krav til førespurnaden - Kvalifikasjonsfasen	11
5.1	Søknadens struktur	12
5.2	Tilbakekalling av søknad	12
5.3	Frist for innlevering av kvalifikasjonssøknad.....	12
5.4	Leveringsmåte.....	12
6	Kvalifikasjonskrav	12
6.1	Om ESPD og kvalifikasjonskrav	12
6.1.1	Foreløpig dokumentasjon - ESPD	12
6.1.2	Bruk av den elektroniske ESPD-tenesta.....	13
6.1.3	Fagleg etikk, korrupsjon/bedrageri mv.....	13
6.1.4	Om kvalifikasjonskrava.....	13
6.2	Kvalifikasjonskrava.....	13
6.2.1	Obligatoriske krav	13
6.2.2	Krav til organisatorisk og juridisk stilling	14
6.2.3	Krav til økonomisk og finansiell stilling.....	14

6.2.4	Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar	14
6.3	Ved støtte frå andre verksemdar	15
6.3.1	Utfylling av ESPD ved bruk av støttande verksemd for oppfylling av kvalifikasjonskrav.....	16
6.3.2	Støttande verksemd si utfylling av ESPD	16
7	Vurdering av leverandørens kvalifikasjonar	17
7.1	Gjennomføring av kvalifiseringa	17
7.2	Melding om val av kvalifiserte leverandørar.....	17
7.3	Avvising.....	17
7.4	Frist for begjæring av midlertidig forføyning.....	18
8	Krav til tilbodet	18
8.1	Tilbodsstruktur.....	19
8.2	Vedståingsfrist.....	19
8.3	Alternative og parallelle tilbod.....	19
8.4	Atterhald og endringar	19
8.5	Tilbakekalling av tilbod	19
8.6	Avvising.....	19
9	Tilbodslevering	20
10	Tildelingskriterium og evaluering.....	20
10.1	Tildelingskriterium	20
10.2	Utfylling av Prisskjema	20
10.2.1	Kapital og driftskostnader (årleg vederlag)	20
10.2.2	Tal Rutekilometer og Rutetimer som inngår i Prisskjema	20
10.2.1	Kostnader knytt til ombygging av kai og tilpassing av anløpsområde	21
10.2.1	Kostnader knytt til eventuell fortøyingsautomatar og brikkelesingsutstyr	21
10.2.1	Nettoppgradering definerte kaiar	21
10.2.2	Kostnader knytt til energiinfrastruktur definerte kaiar	22
10.2.3	Kostnader for nettoppgradering og energiinfrastruktur på andre kaiar	22
10.2.4	Særskilt for Sogn og fjordane-kontrakten	22
10.3	Forhandlingar	23
11	Avslutning av konkurransen.....	23
11.1	Avlysing av konkurransen	23
11.2	Melding om val av leverandør og karenperiode	23

1 INNLEIING

1.1 Om oppdragsgjevar

Skyss er Vestland fylkeskommune si administrasjonseining som planlegg, kjøper og marknadsfører dei kollektivtransporttenester som Vestland fylkeskommune har ansvar for.

Skyss tildeler kontraktar for køyring av buss, bybane, båt og ferjer i Vestland til trafikksekskap etter anbuds konkurransar. I tillegg er Skyss sine oppgåver ruteplanlegging, utvikling av billettsystem, informasjon og marknadsføring av kollektivtilbodet.

1.2 Føremål og omfang av anskaffinga

1.2.1 Anskaffinga sitt føremål, innhald og omfang

Føremålet med anskaffinga er inngå kontrakt med operatør for drift av ferjesambanda Måløy-Husevågøy-Oldeide, Isane-Stårheim, Askvoll-Fure-Værlandet, Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella-Losna, Hisarøy-Mjånes og Breistein-Valestrand. For meir informasjon om krav til gjennomføring av kontrakten, sjå Kontraktdokumentet for krav til leveransen i kap. 2, krav til fartøya i kap. 3, krav til ruteproduksjonen i kap. 4 og klimakrav i kap. 5.

Anskaffinga er delt opp i tre delkontrakter:

- Delkontrakt 1: drift av sambanda Måløy-Husevågøy-Oldeide, Isane-Stårheim, Askvoll-Fure-Værlandet, Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella-Losna. Kontrakten inneheld opsjon om drift av sambandet Askvoll-Gjervik.
- Delkontrakt 2: drift av sambandet Hisarøy-Mjånes
- Delkontrakt 3: drift av sambandet Breistein-Valestrand

Oppdragsgjevar vil altså inngå tre kontraktar. Tilbydar kan levere inn tilbod på ein eller fleire av kontraktane. Det vil ikkje vere mogeleg å levere inn eit felles tilbod for dei tre kontraktane.

Delkontrakt 1 og 3 vil gjelde frå tidspunkt for signering til og med 30.11.2042, medan delkontrakt 2 vil gjelde frå tidspunkt for signering til og med 29.11.2037, jf. Kontraktens punkt 1.1.5. Driftsoppstart skal vere 29.11.2027. Sjå Kontrakten punkt 1.1.5.

Sogn og fjordane:

Skyss estimerar årleg kontraktssum til om lag 197-277 MNOK inkludert opsjonssambandet og estimerte eingongskostnader knytt til energiinfrastruktur, nettoppgradering, fortøyingsanlegg og kaiutbetring til 137-466 MNOK. Dette tilsvarar 3088 MNOK-4546 MNOK for heile kontraktperioden. Desse estimata omfattar ikkje kontraktens endringsføresegn, til dømes oppdragsgjevars rett til å auke ruteproduksjonen, adgang til å krevje innsetting av større og/eller ekstra fartøy. Estimata er oppgjeve i 1. kvartal 2023-kroner.

Hisarøy-Mjånes:

Skyss estimerar årleg kontraktssum til om lag 11-24 MNOK. Dette tilsvarar 110-240 MNOK for heile kontraktperioden. Desse estimata omfattar ikkje kontraktens endringsføresegn, til dømes oppdragsgjevars rett til å auke ruteproduksjonen. Estimata er oppgjeve i 1. kvartal 2023-kroner.

Breistein-Valestrand:

Skyss estimerar årleg kontraktssum til om lag 37,5-45 MNOK og estimerte eingongskostnader knytt til energiinfrastruktur, nettoppgradering, fortøyingsanlegg og kaiutbetring til 5-23 MNOK. Dette tilsvarar 567-678 MNOK for heile kontraktperioden. Desse estimata omfattar ikkje kontraktens endringsføresegn, til dømes oppdragsgjevars rett til å auke ruteproduksjonen, adgang til å krevje innsetting av større og/eller ekstra fartøy endringsrettar. Estimata er oppgjeve i 1. kvartal 2023-kroner.

1.2.2 Kontrakttype

Kontraktane vil vere bruttokontrakter, der oppdragsgjevar har marknadsførings- og inntektsansvaret, medan operatør gjennomfører ruteproduksjonen mot avtalt betaling frå oppdragsgjevar.

1.2.3 Bruk av klimakrav framfor tildelingskriterium

Anskaffingsforskrifta § 7-9 stiller krav om at klima- og miljøomsyn som hovudregel skal vektast med minimum tretti prosent i konkurransar. Det vert likevel opna for at oppdragsgjevarar unntaksvis kan nytte klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen i staden for tildelingskriterium «dersom det er klart at dette gir en bedre klima- og miljøeffekt og dette begrunnes i anskaffelsesdokumentene». Konkret vil dette sei at Skyss kan nytte minstekrav om utsleppskutt dersom det vil gi ein betre klima- og miljøeffekt enn å nytte utsleppskutt som tildelingskriterium.

Skyss ønsker å nytte alternativet i fjerde ledd som opnar forbruk av minstekrav i staden for tildelingskriterium. Hovudgrunnen til dette er at ein med tildelingskriteriar ikkje har nokon garanti for kva klima- og miljøeffektar ein oppnår. Oppdragsgjevar ønskjer å vere sikker på at eit minimumsnivå av utsleppskutt vert oppnådd i tråd med Vestland fylkeskommune sin ambisjon om nullutslepp innan 2030. Vidare har oppdragsgjevar behov for føreseilegheit knytt til kontraktskostnadar, og ser av den grunn at minimumskrav gir større sikkerheit for utsleppskutt innanfor den økonomiske ramma oppdragsgjevar har til råde. Vidare vert bruk av minstekrav knytt til utslepp vurdert å vere det mest kostnadseffektive verkemiddelet for oppnå eit definert minimumsnivå av utsleppskutt.

Våren 2023 vart eit forslag til nullutsleppsforskrift for båt og ferje lagt ut på høyring. Skyss legg til grunn at denne forskrifta er meint å angi spesialregler for båt- og ferjebransjen framfor den generelle klimaregelen i anskaffingsforskrifta. I forslaget til forskrift blei det lagt opp til krav om nullutslepp for alle fartøy, med unntak for fartøy og samband der tiltakskostnaden for klimatiltak vil overstige 5000 kr per tonn CO₂. Basert på bl a føringane i forskriftsforslaget har oppdragsgjevar for denne konkurransen lagt opp til minstekrav til gjev følgjande utsleppskutt:

For delkontrakt 1 stiller oppdragsgjevar krav som tilsvarer at sambanda Isane-Stårheim og Måløy-Oldeide skal driftast med ein elgrad på om lag 95%. For sambanda Askvoll-Værlandet, Askvoll-Gjervik og Krakhella-Rysjedalsvika vert det stilt krav om at sambandet skal vere delelektrisk. Krava per samband tilsvarer at sambandet Askvoll-Værlandet skal ha eit om lag 68 % lågare utsleppskutt enn i dag, Rysjedalsvika-Krakhella skal ha eit om lag 48% lågare utslepp enn i dag og opsjonen Askvoll-Gjervik skal ha eit om lag 85% lågare utslepp enn i dag.

For delkontrakt 2 og 3 stiller oppdragsgjevar krav som tilsvarer at sambanda skal driftast med ein elgrad på om lag 95%.

Ettersom krava vil garantere eit utsleppskutt på minimum 70-95 prosent samanlikna med i dag, vil krava etter oppdragsgjevarar vurdering gje ein betre klima- og miljøeffekt enn om oppdragsgjevar nytta klima som tildelingskriterium.

2 ADMINISTRATIVE FØRESEGNER

2.1 Anskaffingsprosedyre

Denne anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juli 2016 nr. 73 (anskaffingslova) og forskrift om offentlege anskaffingar av 12. august 2016 nr. 974 (anskaffingsforskrifta).

Anskaffinga vert gjennomført som ein konkurranse med forhandling etter forutgåande kunngjering. Oppdragsgjevar tek **atterhald** om å likevel tildele kontrakten **utan** å gjennomføre forhandlingar dersom oppdragsgjevar finn at behovet for å forhandle etter evaluering av tilboda ikkje er til stades.

Prosedyren gjev alle interesserte operatørar moglegheit til å levere førespurnad om å delta i konkurransen. Berre dei operatørane som oppfyller kvalifikasjonskrava og blir invitert av Oppdragsgjevar, kan gje tilbod.

Oppdragsgjevar kan velje å gjennomføre forhandlingar i fleire fasar der ein reduserer tal tilbod mellom kvar fase. Første reduksjon kan skje i forkant av forhandlingane. Slik reduksjon vil eventuelt skje på grunnlag av tildelingskriteria, jf. anskaffingsforskrifta § 23-11.

2.2 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av dette dokumentet (prosedyrereglar) og dokumenta i tabellen under.

Prosedyreskildringa punkt 5 – 7 omhandlar kvalifikasjonsfasen, medan punkt 8 – 11 omhandlar tilbodsfasen.

Konkurransegrunnlaget
Prosedyreskildring - DETTE DOKUMENTET
Kvalifikasjonsdokumentasjon <i>(Dokument som utgjer søknad om deltaking i konkurransen.)</i>
KVALIFIKASJONSSØKNAD mal
Vedlegg A Orientering om vurderinga av finansiell stilling
Vedlegg B Eigenerklæring teieplikt
Vedlegg C Villigheitserklæring
Vedlegg D Referansomal utført oppdrag
Vedlegg E Nøkkelopplysningar
Tilbodsdokumentasjon <i>(Dokument som skal leverast etter at søknad om deltaking er handsama og leverandør har mottatt invitasjon om å levere tilbod. Desse dokumenta vil utgjere tilbodet.)</i>
TILBODSBREV KONKURRANSE mal

Tilbudsbrev Bilag A: Prisskjema
Tilbudsbrev Bilag B: Eigenerklæring teieplikt
Tilbudsbrev Bilag C: Eigenerklæring om avvik og atterhald
Tilbudsbrev Bilag D: Informasjon kaiombygging
Tilbudsbrev Bilag E: Informasjon infrastruktur på land
Kontraktdokument
<p>Kapittel 1 Kontraktsvilkår</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedlegg 1.1 Datahandsamaravtale • Vedlegg 1.2-1 Handlingsreglar om ivaretaking av grunnleggjande menneskerettar, etikk og miljø • Vedlegg 1.2-2 Krav til løn- og arbeidsvilkår • Vedlegg 1.3 Påkravsgaranti
<p>Kapittel 2 Leveransekrav</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedlegg 2.1 Rapporteringsskjema • Vedlegg 2.2 HMT-rapport • Vedlegg 2.3 Statistikk • Vedlegg 2.4 Sanntid og datastraumar • Vedlegg 2.5 Frister og frekvens • Vedlegg 2.6 Transaksjonsformat • Vedlegg 2.7 AutoPASS transaksjonsavtale • Vedlegg 2.8 Autopass regulativ
<p>Kapittel 3 Fartøykrav</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedlegg 3.1 Universell utforming
<p>Kapittel 4 Ruteproduksjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedlegg 4.1 Rutetabellar
<p>Kapittel 5 Krav til utsleppskutt, klimabonus og klimasanksjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedlegg 5.1
<p>Kapittel 6 Kaier</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedlegg 6.1 Informasjon om kaiene • Vedlegg 6.2 Varslingsrutinar • Vedlegg 6.3 Krav til bygg • Vedlegg 6.4 Føresetnader og vilkår knytt til nettoppgraderingsmodellen og areal for energiinfrastruktur • Vedlegg 6.5 Krav til kabelsambandet Hisarøy-Mjånes
<p>Kapittel 7 Godtgjering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vedlegg 7.1 Prisskjema (<i>utfylt Bilag A Prisskjema</i>) • Vedlegg 7.2 Illustrasjonar av indeksering, einingsprisar etc
Kapittel 8 Samspel mellom partane og oppstartsførebuingar
Avklaringar (svar på innkomne spørsmål)
Referat frå eventuelle forhandlingar
Tilbydar sitt endelege tilbod

2.3 Kontakt

Førespurnader og spørsmål som gjeld denne anskaffinga skal skje skriftleg i leverandørportalen TendSign. Leverandør får tilgang til spørsmål og svar-funksjonen i TendSign ved å opprette gratis leverandørkonto på:

<https://tendsign.no/doc.aspx?Uniqueld=afrciwegap&GoTo=Docs>

Vær merksam på at det må opprettast individuell brukar for den einkilde som skal kunne laste ned tilbud, bli oppdatert om spørsmål og svar osv.

Kontaktperson:	Åshild Sandøy
Epost:	afs@skyss.no

2.4 Språk

All skriftleg og munnleg kommunikasjon i samband med denne konkurransen skal gå føre seg på norsk. Språkkravet gjeld også sjølve tilbudet med unntak av eventuelle tekniske vedlegg.

2.5 Framdriftsplan

Anskaffinga er planlagt gjennomført i samsvar med følgjande framdriftsplan. Alle tidspunkt etter fristen for å levere førespurnad om å delta er tentative.

Aktivitet	Tidspunkt
Kvalifiseringsfasen	
Kunngjering av konkurransen på Doffin/TED	17.06.2024
Ferieavvikling	Veke 27-31
Tilbudskonferanse	14.08.2024
Frist for spørsmål til kvalifiseringa	19.08.2024
Frist for innlevering av søknad om å delta i konkurransen	26.08.2024
Invitasjon frå Skyss til kvalifiserte operatørar	Veke 36
Tilbodsfasen	
Frist for å stille spørsmål om konkurransegrunnlaget	30.09.2024
Frist for innlevering av tilbud	30.10.2024 kl. 12:00
Evt. utsending av invitasjon til forhandlingar	Veke 45
Evt. forhandlingar	Veke 46-49
Forventa tildeling	Veke 2
Forventa kontraktsignering	Veke 5
Vedståingsfrist	15.04.2025

2.6 Tilbodskonferanse

Oppdragsgjevar inviterer til overordna gjennomgang av sentrale tema frå konkurransegrunnlaget den 14. august 2024 kl. 13-15. Det vert lagt opp til både fysisk og digital deltaking. Dei tilbydarane som ønskjer å delta, bes sende inn påmelding via Tendsign innan 6. august kl. 12 der det går fram om ein ønskjer å delta digitalt eller fysisk og kor mange personar som ønskjer å delta.

2.7 Retting, supplerings og / eller endring av konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å kunne endre krava gjennom konkurransefasen dersom krava framstår som urimelege, uforholdsmessige eller uhensiktsmessige. Innan tilbudsfristen har derfor oppdragsgjevar rett til å foreta rettingar, supplerings og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Kontraktens krav til fartøya som skal nyttast under utføring av Oppdraget, følgjer i stor grad av lov- og forskrift. Dersom det innan frist for mottak av endelege tilbod vert vedteke eller føreslått nye eller endra krav til fartøy iht. lov- eller forskriftskrav som påverkar Kontraktens krav til fartøya direkte eller indirekte, tek Oppdragsgjevar atterhald omheilt eller delvis å endre Kontraktens krav i tråd med dei nye lov- eller forskriftskrava.

Etter at dei kvalifiserte tilbydarane har mottatt invitasjon til å levere tilbod, er det berre desse tilbydarane som vil ta i mot rettingar, supplerings og/eller endringar knytt til konkurransegrunnlaget.

2.8 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål tilbydarane måtte ha til konkurransegrunnlaget må stillast innan fristane oppgitt i pkt. 2.5.

Spørsmål skal stillast i leverandørportalen (sjå pkt. 2.3). Alle spørsmål vil bli svart ut i anonymisert form og sendt ut/gjort tilgjengeleg fortløpande eller i god tid før utløp av fristane.

2.9 Operatørens deltakingskostnader

Kostnader operatøren har i samband med utarbeiding, innlevering, eller oppfølging av førespurnad om å delta, tilbodet eller anskaffingsprosessen elles, vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikte oppdragsgjevar til å inngå kontrakt med operatøren, eller involvere oppdragsgjevaren i økonomiske plikter, sjå også punkt 11 nedanfor om avslutning av konkurransen.

3 SÆRSKILTE VILKÅR

3.1 Opsjon, endringsrettar og eigeidomsoverdraging

Oppdragsgjevar har rett til å utløyse opsjon om drift av sambandet Askvoll-Gjervik. Dersom opsjon vert utløyst, har oppdragsgjevar rett til å krevje at dette blir eit beredskapssamband, sjå Kontrakten punkt 1.2.5.1 og 1.2.5.2 for meir informasjon.

Oppdragsgjevar kan gjennomføre endringar i Ruteproduksjonen, samt andre typar endringar i løpet av kontraksperioden. Sjå Kontrakten kapittel 1.13 for meir informasjon.

Oppdragsgjevar har rett til å overta eigedomsretten til eventuell infrastruktur som vert etablert på kai. Sjå Kontrakten kapittel 6 for meir informasjon.

3.2 Klimakrav og klimagebyr

Kontrakten inneheld krav til kor stor del av Ruteproduksjonen per samband som skal gjennomførast med dokumentert fornybar straum og tillatt mengd klimagassutslepp. Dersom kravet til utslepp per år ikkje vert oppfylt vil det bli ilagt eit klimagebyr. Sjå Kontrakten kapittel 5 og 7 for meir informasjon.

3.3 Energiinfrastruktur

Det vil vere opp til tilbydar å sjølv fastsette kvar det er ønskjeleg å etablere energiinfrastruktur. Oppdragsgjevar har henta inn informasjon om kostnader knytt til nettoppgradering for ein del kaiar, og informasjon om arealtilgang på ein skilde kaiar. Sjå Kontrakten kap. 6 inkludert vedlegg for meir informasjon.

Oppdragsgjevar vil ha rett til å overta eigedomsretten til eventuell infrastruktur knytt til energiforsyning ved driftsoppstart eller ved kontraktsslutt.

3.4 Løns- og arbeidsvilkår / etiske krav

Denne konkurransen omfattar tenester som er omfatta av forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

I tillegg stiller Oppdragsgjevar krav om at vinnande operatør og operatørs underleverandørar oppfyller Oppdragsgjevars sine handlingsreglar. Sjå Kontrakten kap. 1 og Kontraktens Vedlegg 1.2-1 og Vedlegg 1.2-2. Blant anna vert det stilt krav knytt til utanlandske aktørar som kan utgjere ein risiko for at nasjonale tryggingssinteresser blir truga. Tilbydar skal ved innlevering av tilbod, stadfesta at tilbydar har satt seg inn i vedlegg 1.2-1 «Handlingsreglar om varetaking av grunnleggjande menneskerettar, etikk og miljø», og vedlegg 1.2-2 «Krav til løns- og arbeidsvilkår». Stadfestinga skjer ved å krysse av for dette i tilbods brevet.

3.5 Tilsette sine rettar - verksemdoverdraging

Arbeidsmiljøloven §§ 16-2 til 16-7 om arbeidstakar sine rettar ved verksemdoverdraging gjeld for denne konkurransen. Reglar om dette er tatt inn i yrkestransportlova § 8.

Til informasjon er ikkje Oppdragsgjevar part i forholdet mellom eksisterande og ny Operatør og deira tilsette. Oppdragsgjevar har innhenta opplysningar om tilsette hos eksisterande operatør som er oppgitt å vere knytt til dei aktuelle rutene, jf. Yrkestransportlova § 8 tredje ledd.

Oppdragsgjevar har ikkje ansvar for at denne oversikta er fullstendig og korrekt. Oppdragsgjevar har berre vidareformidla informasjon som noverande operatør har opplyst om, og informasjonen er ikkje en del av kontrakten som vil bli inngått mellom Oppdragsgjevar og den operatøren som vert tildelt kontrakt.

3.6 Oppfyljing av yrkestransportforskriftas vilkår

Oppdragsgjevar stiller krav om at operatør må oppfylle naudsynte krav i yrkestransportforskrifta for å få utstedt ruteløyve for drift av sambandet.

3.7 Godkjenning av fartøy

Operatør skal på førespurnad frå oppdragsgjevar framlegge dokumentasjon som verifiserer at samtlege fartøy som skal nyttast samsvarar med fartøykrava i Kontrakten. Sjå blant anna Kontraktens kapittel 8 om dokumentasjonskrav før driftsoppstart. Samlege fartøy som skal trafikkere rutene skal oppfylle gjeldande minstekrav som følgje av offentlege regelverk.

3.8 Covid-19 og Nye pandemiar

Kontrakten inneheld særskilte reguleringar knytt til Covid-19 og Nye pandemiar, sjå punkt 1.15.2 og 7.2.9.2.

3.9 Garantidokument

Oppdragsgjevar stiller krav om at vinnande operatør må levere påkravsgaranti i samsvar med vedlagte mal (Vedlegg 7.3) seinast innan 3 veker etter Kontraktsignering. I tillegg vert det stilt krav om at vinnande operatør skal levere løyvegaranti seinast 6 mnd. før oppstart av Ruteproduksjonen. Sjå Kontrakten punkt 1.3 og 8.2.2.6.

4 KONFIDENSIALITET OG OFFENTLEGHEIT

4.1 Teieplikt

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal handsamast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre part. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningslova, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt offentleglova, sjå pkt. 4.2 nedanfor.

4.2 Offentlegheit

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) § 23. Etter at val av operatør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokon unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i samsvar med lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13.

Tilbydarane skal i **Bilag B** gje ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er fritatt frå teieplikt om opplysningar som ikkje er særskilt identifisert som teiepliktige i tilbydaren sin opplisting. Tilbydar skal i tillegg levere ein **sladda versjon av sitt tilbod** saman med det innleverte tilbodet.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren uavhengig av dette vurdere om opplysningane er av ein slik art at oppdragsgjevaren plikter å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29. Oppdragsgjevar er pålagt å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

5 KRAV TIL FØRESPURNADEN - KVALIFIKASJONSFASEN

Alle interesserte operatørar må oppfylle dei fastsette kvalifikasjonskrava for denne konkurransen. Dei leverandørane som vert kvalifisert vil deretter bli invitert til å levere tilbod i konkurransen.

For å bli kvalifisert må kvar operatør levere ein kvalifikasjonssøknad som skildra under.

5.1 Søknadens struktur

Søknaden om å delta i konkurransen skal følgje strukturen i det vedlagte dokumentet «Kvalifikasjonssøknad».

5.2 Tilbakekalling av søknad

Søknaden kan tilbakekallast eller endrast fram til utløpet av kvalifikasjonsfristens, sjå pkt. 2.5. Tilbakekalling skjer ved å slette søknaden i Leverandørportalen. Endring av søknaden om å delta er å betrakte som ein ny førespurnad.

5.3 Frist for innlevering av kvalifikasjonssøknad

Kvalifikasjonssøknad, sjå pkt. 6, må vere lasta opp i Leverandørportalen til Vestland fylkeskommune, TendSign, innan kvalifikasjonsfristen angitt i pkt. 2.5.

Fristen for innlevering av kvalifikasjonssøknad er absolutt. Leverandør ber risikoen for feil eller forseinkingar i opplasting av kvalifikasjonssøknad.

5.4 Leveringsmåte

Førespurnaden skal leverast i elektronisk format i leverandørportalen TendSign:

<https://tendsign.no/doc.aspx?Uniqueld=afrciwegap&GoTo=Tender>

Er du ikkje brukar i Tendsign eller har du spørsmål knytte til funksjonalitet i verktøyet, ta kontakt med KGV Support på tlf: 40 00 68 14 eller på e-post til:

tendsignsupport@visma.com.

Oppdragsgjevar oppmodar alle leverandørar om å starte registrering og alle innleveringar i god tid før fristen løper ut. Søknad kan sendast fleire gonger og reviderast fram til fristen går ut. Oppdragsgjevar vil berre kunne sjå søknaden etter at fristen er gått ut.

6 KVALIFIKASJONSKRAV

6.1 Om ESPD og kvalifikasjonskrav

6.1.1 Foreløpig dokumentasjon - ESPD

Leverandør skal fylle ut ESPD-skjemaets del II-IV. For del IV gjeld følgjande; Kvalifikasjonskrav for å delta i konkurransen går fram av punkt 6.2 og 6.3 under. Dette betyr at leverandøren i ESPD-skjemaet del IV berre treng å krysse av for avsnitt a (lille a).

Ettersom dette er ein konkurranse i to trinn der berre kvalifiserte søkarar vert invitert til å levere tilbod, skal alle søkarar i tillegg til avkryssing for «lille a» i del IV levere den dokumentasjonen som går fram av punkt 6.2 og 6.3 på at kvalifikasjonskrava er oppfylt. For å kunne bli invitert til å levere tilbod i konkurransen må interesserte leverandørar fylle ut det elektroniske eigenerklæringskjemaet (ESPD), og levere dokumentasjon på oppfylling av dei oppgitte kvalifikasjonskrava.

Oppdragsgjevar har rett, men ikkje plikt, til å etterspørre ev. manglande dokumentasjon.

Generell informasjon om egenerklærings skjemaet finn du her:

<https://www.anskaffelser.no/digitalisering/oppdragsgivere/egenerklaeringsskjema-esp>

6.1.2 Bruk av den elektroniske ESPD-tenesta

ESPD-skjemaet er integrert i oppdragsgjevar sin leverandørportal TendSign, og fyllast ut direkte i portalen.

Dersom tilbyder støtter seg på andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava eller nytter underleverandørar skal det leverast ESPD for desse selskapa. Sjå punkt 6.3.

6.1.3 Fagleg etikk, korrupsjon/bedrageri mv.

Dersom anten leverandør, leverandør si leing eller leverandør sine eigarar er rettskraftig dømt for korrupsjon, bedrageri, kvitvasking av pengar eller liknande, skal leverandøren opplyse om dette i ESPD – skjemaet. I så fall skal det i søknaden om kvalifikasjon gjerast greie for aktuelle dommer og saksforholdet. Forholda vil bli vurdert i samsvar med avvisingsreglane i anskaffingsforskrifta.

6.1.4 Om kvalifikasjonskrava

Leverandør må ha dei naudsynte kvalifikasjonane for å kunna oppfylle kontraktsforpliktelsene på ein fagleg god måte i heile avtaleperioden. Leverandør må derfor oppfylle krava lista opp under for å kunne vere kvalifisert for deltaking i konkurransen. Det er berre kvalifiserte tilbydarar som vil bli invitert til å levere tilbod i konkurransen og få sine tilbod evaluert.

Leverandør er ansvarleg for å levere all dokumentasjon som blir etterspurt nedanfor som dokumentasjon for dei krav som er stilt. Manglande dokumentasjon eller mangelfulle opplysningar kan føre til at tilbodet vert avvist, jf. FOA § 11-10.

6.2 Kvalifikasjonskrava

6.2.1 Obligatoriske krav

KVALIFIKASJONSKRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Tilbydar skal ha ordna forhold til skattemynde	Tilbydar skal levere 1. Skatteattestar (ikkje eldre enn 6 mnd.) <u>For norske tilbydarar:</u> Attest for skatt og meirverdiavgift frå skattekontoret via Altinn.no. <u>For utanlandske tilbydarar:</u> Utanlandske tilbydarar må legge fram tilsvarende attestar frå sine land som viser at dei har ordna skatte- og avgiftsforhold. Dersom styresmaktene i det aktuelle landet ikkje utferder slike attestar, skal tilbydaren leggje fram ei erklæring som stadfester at alle skattar og avgifter er blitt betalt. Erklæringa skal vere godkjent og signert av

	<p>tilbydaren sin økonomidirektør/ økonomiansvarlege. Dokumentasjonen skal vere utforma på norsk eller engelsk.</p>
--	---

6.2.2 Krav til organisatorisk og juridisk stilling

KVALIFIKASJONSKRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
<p>Tilbydar skal vere eit lovleg etablert føretak.</p>	<p><u>Norske tilbydarar:</u> Dokumentert ved firmaattest frå http://altinn.no</p> <p>Firmaattesten skal ikkje vere eldre enn 6 mnd.</p> <p><u>Utanlandske tilbydarar:</u> Stadfesting på at tilbydaren er registrert i bransjeregister eller føretaksregister ist. lovgjevinga i det land der tilbydaren er etablert.</p> <p><u>Gruppe av tilbydarar:</u> Dersom grupper av leverandørar vurderer å levere tilbod saman, vil det bli stilt krav om at det vert etablert eit juridisk selskap med solidarisk ansvar innan kontraktsignering.</p>

6.2.3 Krav til økonomisk og finansiell stilling

KVALIFIKASJONSKRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
<p>Tilbydar skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell styrke til å kunne oppfylle kontrakten.</p>	<p>Sjå Vedlegg A for meir informasjon om kva Oppdragsgjevar vil sjå på ved vurdering av dette kvalifikasjonskravet.</p> <p><u>Årsrekneskap</u> Tilbydars årsrekneskap inkludert noter med styre- og revisjonsmelding for åra 2021, 2022 og 2023.</p> <p><u>Nøkkelopplysningar</u> Tilbydar skal fylle ut og legge ved skjema med nøkkelopplysningar, jf. Vedlegg E.</p> <p><u>Likviditetsplan</u> Tilbydar skal levere ei kort skildring/plan for korleis tilbydar skal oppretthalde eller eventuelt forbetre likviditeten i selskapet dei neste åra. Eks: Kva gjer selskapet for å sikre sin likviditet? Kva er den ønska likviditetsgraden i selskapet?</p> <p><u>Kredittvurdering</u> Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å sjølv foreta ei kredittvurdering ved hjelp av eit uavhengig kredittvurderingsselskap.</p>

6.2.4 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar

KVALIFIKASJONSKRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Tilbydar må ha god kompetanse og erfaring frå drift av bilførande ferjer sertifisert for meir enn 12 passasjerar og der driftsoppdraget omfatta avganger minimum 3 dagar i veka.	<p>Tilbydar skal dokumentere erfaringa ved å fylle ut vedlegg D for det/dei referanseoppdraget/a tilbydar har gjennomført dei siste 3 åra.</p> <p>Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å kontakte oppgitte referansar og til å vektlegge vurderinga som vert gitt av kontaktpersonen i samband med evalueringa av tilbydaren sine kvalifikasjonar.</p>

6.3 Ved støtte frå andre verksemder

Leverandør kan støtte seg på andre leverandørar for å oppfylle kvalifikasjonskravet «Krav til økonomisk og finansiell stilling» i punkt 6.2.3 og kvalifikasjonskravet «Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar» i punkt 6.2.4.

Leverandør må i så fall:

- Innlevere dokumentasjon (alle dokumentasjonskrava tilhøyrande aktuelt kvalifikasjonskrav) for at den støttande verksemda oppfyller det/dei kvalifikasjonskrav(a) som verksemda skal oppfylle på vegne av tilbyder

og

- Innlevere dokumentasjon på at den støttande verksemda oppfyller kvalifikasjonskravet i punkt 6.2.1 og 6.2.2

og

- Stadfeste at leverandør vil ha rådvelde over dei naudsynte ressursane i kontraktperioden, ved til dømes å leggje fram ei plikterklæring, garanti, samarbeidsavtale eller liknande. **Vedlegg C** «Villighetserklæring» kan nyttast til dette.

og

- Legge fram dokumentasjon på at vedkommande som har signert villighetserklæringa frå den støttande verksemda har fullmakt til å forplikte selskapet

og

- Innlevere ESPD-skjema for den støttande verksemda

Dersom leverandør støtter seg på andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell stilling, vert det krevd at verksemda er solidarisk ansvarlege for utføringa av kontrakten, jf. FOA § 16-10 (4).

Dersom tilbyder støtter seg på andre verksemder for å oppfylle kravet til teknisk og fagleg kvalifikasjon, skal relevante ressursar frå den støttande verksemda si driftsleiing delta i gjennomføring av Oppdraget, jf. FOA § 16-10 (5).

6.3.1 Utfylling av ESPD ved bruk av støttande verksemd for oppfylling av kvalifikasjonskrav

Dersom leverandør støtter seg på andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava skal det leverast separat ESPD for desse verksemda.

I innleveringsprosess for tilbud i leverandørportalen TendSign er det eit prosesstrinn der leverandør kan leggje til den støttande verksemda.

I dette trinnet kan du anten:

- i) søke opp den støttande verksemda i det eksisterande leverandørregisteret i TendSign og velje kven du vil påkalle kapasitet frå, eller
- ii) registrere den støttande verksemda dersom denne ikkje er i registeret frå tidlegare.

Den støttande verksemda skal levere separat ESPD-skjema. Dette kan gjerast på to måtar; anten:

- a) Importere ESPD XML-filer som er brukt av den støttande verksemda tidlegare, eller
- b) Leverer nytt i TendSign.

Dersom ein vel alternativ a) lastar leverandør skjemaet frå støttande verksemd opp saman med tilbodsdocumenta.

Dersom ein vel alternativ b) må leverandør laste ned og skrive ut vedlagte PDF-fil av det kunngjorde ESPD-skjemaet. Den støttande verksemda må deretter fylle ut skjemaet i tråd med instruksjonen under. Leverandør lastar så opp signert og utfylt PDF-fil frå verksemda saman med tilbodsdocumenta.

6.3.2 Støttande verksemd si utfylling av ESPD

Den støttande verksemda fyller ut etterspurt informasjon i fritekstfelt og svarer på spørsmåla ved å setje ring rundt korrekt svar.

Dersom støttande verksemd har behov for ytterlegare plass i fritekstfeltet, kan verksemda leggje ved separat dokument med utfyllande tekst med tydeleg tilvising til det aktuelle punktet. Slikt separat dokument skal lastast opp saman med leverandør sine kvalifikasjonsdokument.

Svarer verksemda «ja», på eit spørsmål kor ønskja eller påkravd svar er «nei», må verksemda svare på dei etterfølgjande spørsmåla.

7 VURDERING AV LEVERANDØRENS KVALIFIKASJONAR

7.1 Gjennomføring av kvalifiseringa

Oppdragsgjeveren vil evaluere innsendte førespurnader om å delta i konkurransen opp mot dei kvalifikasjonskrava som er stilt i pkt. 6. Leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrav vil bli avvist frå konkurransen og får ikkje moglegheit til å gje tilbud og delta i konkurransen.

7.2 Melding om val av kvalifiserte leverandørar

Alle leverandørar som har levert kvalifikasjonssøknad, vil få skriftleg informasjon om dei er kvalifisert eller ikkje.

Leverandørar som ikkje vert kvalifisert, vil få ei kort grunngjeving for dette.

7.3 Avvising

Avvisingsreglane i forskrift om offentlege anskaffingar § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane, gjeld for denne konkurransen. Vi oppmodar leverandørane om å gjere seg kjend med desse.

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunner, seksjon D: «*Andre avvisingsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivingen i oppdragsgiverens medlemsstat*» gjer vi merksame på at dei norske anskaffingsreglane går lenger enn kva som følgjer av avvisingsgrunnane skildra i EUs direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det presiserast derfor at i denne konkurransen gjeld og alle avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskrifta kapittel 24, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande avvisingsgrunnar i forskrift om offentlege anskaffingar § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne bestemminga er det angitt at oppdragsgjevar kan avvise ein leverandør når han er kjend med at leverandøren er rettskraftig dømd eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte straffbare forholda er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandørens yrkesmessige integritet.

Sanksonsforskrifta

Det presiserast at også at forbodet i sanksjonsforskriften § 8n (forskrift 15. august 2014 nr. 1076 om restriktive tiltak vedrørende handlinger som undergraver eller truer Ukrainas territorielle integritet, suverenitet, uavhengighet og stabilitet) utgjer ein avvisingsgrunn:

§ 8n. Forbud mot tildeling av offentlige kontrakter

Det er forbudt å tildele eller forlenge offentlige kontrakter eller konsesjonskontrakter som hører inn under virkeområdet for direktivene om offentlige innkjøp, samt artikkel 10 nr. 5 1, nr. 3, nr. 6 bokstav a–e, nr. 8, 9 og 10, artikkel 11, 12, 13 og 14 i direktiv 2014/23/EU, artikkel 7 og 8, artikkel 10 bokstav b–f og h–j i direktiv 2014/24/EU, artikkel 18, artikkel 21 bokstav b–e og g–i, artikkel 29 og 30 i direktiv 2014/25/EU og artikkel 13 bokstav a–d, f–h og j i direktiv 2009/81/EF, til eller med

- a. *russiske statsborgere eller fysiske eller juridiske personer, etablert i Russland,*

- b. *juridiske personer, hvis eiendomsrettigheter direkte eller indirekte er mer enn 50 % eid av en enhet omtalt i bokstav a i dette leddet, eller*
- c. *juridiske personer, som handler på vegne av eller på instruks fra en enhet nevnt i bokstav a eller b i dette leddet, også dersom de står for mer enn 10 % av kontraktsverdien, underleverandører, leverandører eller enheter hvis kapasitet utnyttes i henhold til direktivene om offentlige innkjøp.*

Oppdragsgjevar føreset at tilbyder set seg inn i sanksjonslovgivinga og dei endringar som til einkvar tid skulle bli vedteke, og tek omsyn til gjeldande sanksjonslovgiving ved utarbeiding av førespurnad om deltaking, utarbeiding av tilbod og ved gjennomføring av kontrakt.

Tilbydar skal ved innlevering av kvalifikasjonssøknad og tilbod stadfeste at tilbyder har satt seg inn i dei nemnde reglane og at verken søker eller nokon i søkjars underleverandørkjeder støtter opp under russisk okkupasjonsmakt eller russiske invasjonsaktiviteter. Stadfesting skjer ved å krysse av for dette i kvalifikasjonssøknaden og tilbods brevet.

Dersom tilbyder mottok tilbod frå eller har kontrakt med leverandørar som støtter russiske kamphandlingar eller russiske føretak, skal det i kvalifikasjonssøknaden og tilbods brevet gis ei skildring av kva aktsomheitsvurderingar tilbyder har gjort, samt konklusjonen på disse aktsomheitsvurderingane.

Tilbydarane må også pårekne at oppdragsgjevar vil be underleverandørar som vert engasjert etter eventuell kontraktsinngåing om å stadfeste at dei overheld sanksjonslovgivinga. Vidare må tilbyder pårekne at oppdragsgjevar vil kunne be om dokumentasjon på kven som er reelle rettighetshavarar i underleverandørar som engasjerast etter kontraktsinngåing.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avvise tilbydarar på dette grunnlag både basert på innlevert kvalifikasjonssøknad.

Handel som bidreg til å oppretthalde dei folkerettsstridige israelske bosetningene

Oppdragsgjevar ønskjer ikkje å inngå avtale med selskaper som driver handel og næringsverksemd som bidreg til å oppretthalde dei folkerettsstridige israelske bosetnadane. Dette gjeld også for eventuelle underleverandørar for tilbyder. Handel eller næringsaktivitet i strid med dette vert rekna som brot på gjeldande menneskerettar og dermed Oppdragsgjevars handlingsreglar skildra i Kontraktens Vedlegg 1.2-1. Slike brot vil føre til avvising frå konkurransen.

Tilbydar skal ved innlevering av kvalifikasjonssøknad og tilbod stadfeste at slike brot ikkje vil skje. Stadfesting skjer ved å krysse av for dette i kvalifikasjonssøknaden og tilbods brevet.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avvise tilbydarar på dette grunnlag både basert på innlevert kvalifikasjonssøknad.

7.4 Frist for begjæring av midlertidig forføyning

Ønsker leverandøren å begjære midlertidig forføyning mot ein eventuell avvisning av leverandøren eller forkastelse av førespurnaden om deltaking i konkurransen, må det skje innan 15 dagar, jf. FOA § 20-7.

8 KRAV TIL TILBODET

Når kvalifikasjonssøknadane er vurdert vil kvalifiserte Leverandørar bli invitert til å levere tilbod innan angitt frist i pkt. 2.5.

8.1 Tilbudsstruktur

Tilbudet skal strukturert og innehalde dokumentasjon slik det går fram av mal for Tilbudsbrief vedlagt dette konkurransegrunnlaget.

8.2 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angitt i pkt. 2.5.

8.3 Alternative og parallelle tilbod

Det er ikkje høve til å gi alternative eller parallelle tilbod.

8.4 Atterhald og endringar

Vesentlege atterhald og avvik til konkurransedokumenta vil føre til avvising av tilbodet. Atterhald og avvik skal angis presist og eintydig slik at Oppdragsgjever kan evaluere tilbodet utan å ta kontakt med leverandøren. Atterhald og endringar skal på ein klar og utvetydig måte referere til relevante vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget, og skal oppgjvest i **Bilag B**.

8.5 Tilbakekalling av tilbod

Eit tilbod kan tilbakekallast eller endrast inntil tilbodsfristens utløp. Tilbakekalling skjer ved å slette tilbodet i Leverandørportalen. Endring av tilbodet er å betrakte som eit nytt tilbod.

8.6 Avvising

Regler om avvising av tilbod følgjer hovudsakeleg av anskaffingsforskrifta kapittel 24.

Ein gjer merksam på at eitt eller fleire avvik frå krav formulert i konkurransegrunnlaget med bruk av «skal» eller «må» eller liknande uttrykk, ikkje automatisk vert vurdert som vesentleg. Dette vil inngå i ei heilskapleg vurdering av avviket.

Som skildra i punkt 7.3 følgjer det sikkerhetsforskrifta § 8n at offentlege oppdragsgjeverarar ikkje skal inngå kontrakter med selskap med tilknytning til Russland. Oppdragsgjeverar ber difor tilbydarar innrette sine tilbod slik at dei ikkje støtter opp under russisk okkupasjonsmakt eller russiske invasjonaktivitetar. Ei slik støtte vil kunne føre til avvising i konkurransen.

Tilbydarar skal ved innlevering av tilbod stadfeste at tilbydarar har satt seg inn i dei nemnde reglane og at verken søkjer eller nokon i søkjars underleverandørkjeder støtter opp under russisk okkupasjonsmakt eller russiske invasjonaktivitetar. Stadfesting skjer ved å krysse av for dette i tilbudsbriefet. Dersom tilbydarar mottok tilbod frå eller har kontrakt med leverandørar som støtter russiske kamphandlingar eller russiske føretak, skal det i kvalifikasjonssøknaden/tilbudsbriefet gis ei skildring av kva aktsomheitsvurderingar tilbydar har gjort, samt konklusjonen på desse aktsomheitsvurderingane. Tilbydarar må pårekne at oppdragsgjeverar vil be om stadfesting og dokumentasjon på at sanksjonslovgivinga vert overholdt. Vidare må tilbydarar pårekne at oppdragsgjeverar vil kunne be om dokumentasjon på kven som er reelle rettighetshavarar til tilbydarars underleverandørar.

Oppdragsgjeverar atterheld seg retten til å avvise tilbydarar på dette grunnlag både basert på innlevert kvalifikasjonssøknad og innlevert tilbod.

Vidare går det frå av punkt 7.3 at oppdragsgjeverar ikkje vil ha samarbeid med selskap som driv handel og næringsverksemd som bidreg til å oppretthalde dei folkerettsstridige israelske bosetnadane. Tilbydarar skal ved innlevering av tilbod stadfeste at tilbydarar har satt seg inn i dei nemnde reglane og at verken søkjer eller nokon i underleverandørkjeden driv slik handel.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avvise tilbydarar på dette grunnlag både basert på innlevert kvalifikasjonssøknad og innlevert tilbod.

9 TILBODSLEVERING

Tilbudet skal leverast i elektronisk format i leverandørportalen TendSign:

<https://tendsign.no/doc.aspx?Uniquelid=afrciweqap&GoTo=Tender>

Tilbudet må vere lasta opp i Leverandørportalen innan tilbodsfristen angitt i pkt. 2.5. Fristen for innlevering av tilbudet er absolutt. Tilbod som vert levert etter fristen vil ikkje bli vurdert i konkurransen. Tilbydar ber risikoen for feil eller forseinkingar i innlevering av tilbod.

Oppdragsgjevar anbefalar tilbydarane å starte opplasting av dokumenter i god tid før fristen. Tilbod kan reviderast fram til fristen går ut. Oppdragsgjevar vil berre kunne sjå tilbod etter at fristen er gått ut.

10 TILDELINGSKRITERIUM OG EVALUERING

10.1 Tildelingskriterium

Oppdragsgjevar vil tildele kontrakt til den tilbydaren som leverer tilbudet med lågaste tilbydde evalueringssum. Det er summen i Prisskjema ark «Total» celle L77 «Samlet evalueringspris» som danner grunnlag for denne evalueringa. Tilbydar skal i sitt tilbod levere inn fullstendig utfylt prisskjema der alle ark er utfylt.

Prisskjema inneheld såleis både avtalte vederlag for Kontrakten, samt berekning av Tilbydars evalueringspris som inngår i tilbodsevalueringa. For informasjon om kva deler av Prisskjema som vert lagt til grunn for utbetaling av vederlag, sjå Kontrakten kap 7.

10.2 Utfylling av Prisskjema

10.2.1 Kapital og driftskostnader (årleg vederlag)

Tilbydar skal i Prisskjema celle L6-L9 for Sogn og fjordane-kontrakten og celle L6 for Osterøy- og Hisarøykontrakten prise inn sine årlege kostnader per samband. Med kostnader meinast her alle drifts- og kapitalkostnader knytt til gjennomføring av oppdraget. Dette gjeld likevel ikkje kapitalkostnader knytt til nettoppgradering, energiinfrastruktur på kai og eventuelle ombyggingskostnader for kai.

Det er årleg vederlag per samband som er grunnlaget for vinnande operatørs månadlege utbetaling. Vederlaget vert regulert i samsvar med Kontraktens punkt 7.2.2. Vektinga av reguleringskategoriane i punkt 7.2.2 kan avvike frå faktisk kostnadsfordeling hos leverandør. Dette bør tilbydar, i den grad det er mogeleg, ta høgde for ved utfylling av drifts- og kapitalkostnader per rute i celle L6-9.

10.2.2 Tal Rutekilometer og Rutetimer som inngår i Prisskjema

Tal Rutekilometer i Prisskjema er basert på tal Planlagde rutekilometer inkludert heilagdaggar og maks bruk av bestillingsstopp. Tal Rutekilometer kan variere noko kvart år som følgje av kva kalenderdag heilagdagane fell på og faktisk bruk av bestillingsstopp. Varierende tal Rutetimer og Rutekilometer som følgje av slike variasjonar vert ikkje kompensert. Sjå Kontrakten punkt 4.5. Det betyr at Operatør ved innlevering av pristilbod må ta omsyn til heilagdagsproduksjon som skissert i Kontraktens punkt 4.4.

Tal Rutetimar er estimert basert på tal timar og minutt frå tidspunktet sambandet har sin første tur i rutetabellen til framkomst av siste tur i rutetabellen, inkludert alle eventuelle bestillingsstopp/bestillingsturar og justert for heilagdagsproduksjon.

Sjå Kontrakten kap 4 med informasjon om bestillingsstopp, heilagdaggar, rutetabellar og tal rutetimar.

10.2.1 Kostnader knytt til ombygging av kai og tilpassing av anløpsområde

Tilbydar kan innlevere tilbod som føreset ombygging av kaiene og tilpassing av anløpsområde, som følgje av at fartøy og kai/anløpsområde skal passe saman, som følgje av etablering av energiinfrastruktur etc. Tilbydars eventuelle planer om slike endringar/ombyggingar skal skisserast i tilbodet. Tilbydar skal nytte **Bilag D**. Operatørs ansvar knytt til slike tiltak er skildra i Kontrakten punkt 6.4.2.

Estimert kostnad for ombygging av kai og/eller tilpassing av anløpsområde skal gå fram av Prisskjema celle G17. Ombyggingskostnaden oppgitt i prisskjema vert dekt av oppdragsgjevar, og inngår i tilbodsevalueringa. Dersom faktisk ombyggingskostnad vert høgare eller lågare enn kostnaden oppgitt i prisskjema, er dette Operatørs risiko. Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å kontrollere at verdien av energiinfrastrukturen som vert installert på den einssilde kai. Sjå Kontrakten punkt 7.1.7 siste avsnitt.

10.2.1 Kostnader knytt til eventuell fortøyingsautomatar og brikkelesingsutstyr

Tilbydar kan innlevere tilbod som føreset etablering av fortøyingsautomatar og/eller brikkelesingsutstyr. Tilbydars eventuelle planer om slike endringar/ombyggingar skal skisserast i tilbodet. Tilbydar skal nytte **Bilag D**. Operatørs ansvar knytt til slike tiltak er skildra i Kontrakten punkt 6.5 og 6.6.

Estimert kostnad for slik infrastruktur skal gå fram av Prisskjema celle G18 og G19. Sjå Kontrakten punkt 7.1.8 og 7.1.9 for informasjon om korleis desse kostnadane vert kompensert av oppdragsgjevar.

10.2.1 Nettoppgradering definerte kaiar

Oppdragsgjevar legg til rette for høgspent straumframføring på kaiar definert i Kontraktens punkt 6.2.3. Tilbydar skal fylle inn Prisskjemaets ark «Nettoppgradering». Estimert kostnad for oppgradering av straumnett basert på tilbydars val av effekt og grensesnitt i arket «Nettoppgradering» vil automatisk overførast til celle G26. Tilbydar er sjølv ansvarleg for å gjere eigne utrekningar knytt til effektbehov.

Kostnader knytt til slik nettoppgradering skal dekkast av Oppdragsgjevar. Eventuelle avvik mellom faktiske og estimerte nettoppgraderingskostnader oppgitt i Prisskjemaets ark «Nettoppgradering» er Oppdragsgjevar sin risiko.

Viss tilbydar ønskjer eit spennings- eller effektnivå som ligg utanfor nettoppgraderingsmodellen, må tilbydar inkludere eventuelle meirkostnader for nettoppgradering og/eller transformering i kostnader for nettoppgradering andre kaiar eller andre effektar (celle G27) og bere risikoen for dette. Sjå Kontrakten punkt 6.2.3 sjette avsnitt og 7.1.5 andre avsnitt.

10.2.2 Kostnader knytt til energiinfrastruktur definerte kaiar

Oppdragsgjevar har henta inn informasjon knytt til areal og moglegheiter for etablering av energiinfrastruktur på nokre definerte kaiar, sjå Kontrakten punkt 6.2.2. Dersom Tilbydar planlegg å etablere energiinfrastruktur på ei eller fleire av desse kaiene, skal kostnader knytt til kjøp og etablering av slik infrastruktur gå fram av Prisskjema ark «Energiinfrastruktur per kai». Kostnadane vert automatisk summert og overført til prisskjema ark «total» celle G28 «Energiinfrastruktur».

Kostnader knytt til energiinfrastruktur omfattar ikkje kostnader knytt til energilager til bruk på fartøy, jf Kontrakten punkt 6.2.1.

Oppdragsgjevar kan velje å overta eigedomsretten til energiinfrastrukturen, jf. Kontrakten punkt 6.2.2.5. Vert eigedomsretten overdratt til Oppdragsgjevar i samsvar med punkt 6.2.2.5 første avsnitt vil oppdragsgjevar utbetale beløpet i Prisskjema celle G28 som ein eingongssum, jf. Kontrakten punkt 7.1.4.

Dersom oppdragsgjevar vel å ikkje overta eigedomsretten eller vel å overta eigedomsretten ved kontraktens utløp, skal oppdragsgjevar utbetale kostnader med eit påslag på 30 %. Sjå Kontrakten punkt 7.1.4 andre avsnitt for meir informasjon. For å omsynta dei to utbetalingsalternativa, vil oppdragsgjevar i tilbodsevalueringa vekte sum energiinfrastruktur (celle G28) med 50% og sum energiinfrastruktur med påslag 30 % med 50%. Sum energiinfrastruktur som inngår i evalueringa framgår av celle L28.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å kontrollere at verdien av energiinfrastrukturen som vert installert på den einskilde kai. Sjå Kontrakten punkt 7.1.4 siste avsnitt.

Tilbydar sitt behov for installasjon av slik infrastruktur skal skildrast i **Kontraktens Bilag E**.

10.2.3 Kostnader for nettoppgradering og energiinfrastruktur på andre kaiar

Dersom tilbydar planlegg å etablere energiinfrastruktur på andre kaiar, skal kostnader knytt til nettoppgradering på desse kaiene leggst inn i Prisskjema celle G27. Kostnader for energiinfrastruktur på andre kaiar skal fyllast inn i ark «Energiinfrastruktur per kai» og vert automatisk overført til Prisskjema ark «Total» celle G28. Operatør ber kostnadsrisikoen for desse kostnadane. Sjå Kontrakten punkt 6.2.4 og 7.1.6.

Tilbydar sitt behov for nettoppgradering og energiinfrastruktur på andre kaiar skal skildrast i **Kontraktens Bilag E**.

10.2.4 Særskilt for Sogn og fjordane-kontrakten

10.2.4.1 Kostnader knytt til drift av opsjonssambandet Askvoll-Gjervik

Oppdragsgjevar har rett til å be operatør utvide oppdraget med drift av sambandet Askvoll-Gjervik. Sjå Kontrakten punkt 1.2.5.2, 4.2.2 og 7.1.10. Tilbydar skal i Prisskjema celle J45-J47 legge inn kapital- og driftskostnader (årlege kostnader) knytt til drift av opsjonssambandet, avhengig av tidspunkt for når sambandet vert starta opp. Vidare må tilbydar i Prisskjema celle G55 og G56 leggje inn kostnader knytt til energiinfrastruktur og eventuell brikkelesingsutstyr for sambandet.

Oppdragsgjevar kan velje å overta eigedomsretten til energiinfrastrukturen, jf. Kontrakten punkt 6.2.2.5 siste avsnitt. Vert eigedomsretten overdratt til Oppdragsgjevar i samsvar med punkt 6.2.2.5 første avsnitt vil oppdragsgjevar utbetale beløpet i Prisskjema celle G55 som ein eingangssum. Dersom oppdragsgjevar vel å ikkje overta eigedomsretten eller vel å overta eigedomsretten ved kontraktens utløp, skal oppdragsgjevar utbetale kostnader med eit påslag på 30 %. Sjå Kontrakten punkt 7.1.10 andre avsnitt for meir informasjon. For å omsynta dei to utbetalingsalternativa, vil oppdragsgjevar i tilbodsevalueringa vekte sum energiinfrastruktur (celle G55) med 50% og sum energiinfrastruktur med påslag 30 % med 50%.

10.2.4.2 Kostnader knytt til beredskapsdrift av opsjonssambandet Askvoll-Gjervik

Dersom oppdragsgjevar utløyser opsjon om drift av sambandet Askvoll-Gjervik har oppdragsgjevar rett til å be om at sambandet utgjør eit beredskapssamband. Sjå Kontrakten punkt 1.2.5.1, 2.6 og 7.1.11. Tilbydar skal i Prisskjema celle L63 leggje inn kostnad for drift av sambandet som beredskapssamband. Sjå Kontrakten punkt 7.1.11 for korleis beredskapsdrift vil bli kompensert.

10.3 Forhandlingar

Eventuelle forhandlingar vil bli gjennomført i samsvar med reglane i forskrift om offentlege anskaffingar a §§ 23-7 og 23-10.

Oppdragsgjevar kan velje å gjennomføre forhandlingar i fleire fasar der ein reduserar talet på tilbod mellom kvar av fasane. Slik reduksjon vil eventuelt skje på grunnlag av tildelingskriteriene, jf. anskaffelsesforskriften § 23-11.

Tilbydarar vil etter forhandlingane få moglegheit til å forbetre tilbode evalueringspris ved levering av eit revidert tilbod.

Etter at forhandlingane er avslutta vil oppdragsgjevar legge tilbod med eventuelle endringar frå forhandlingsfasen til grunn for si vurdering og val av leverandør.

11 AVSLUTNING AV KONKURRANSEN

11.1 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, jf. anskaffingsforskrifta § 25-4.

11.2 Melding om val av leverandør og karenperiode

Oppdragsgjevar informerer alle tilbydarar skriftleg og samtidig om kven oppdragsgjevaren har til hensikt å tildele kontrakt så snart val av leverandør er gjort.

Meddelinga vil innehalde ei grunngjeving for valet og angje karenstiden frå tildelinga vert gjort kjend til kontraktsignering er planlagt gjennomført (kontraktsinngåinga).

Dersom oppdragsgjeveren finn at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan avgjerda annullerast fram til kontrakt er inngått.